

**Formidlingsplan for
Musea i Sogn og Fjordane
2021–2023**

Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) består av åtte museum, ein handelsstad, ein kunstnarheim, ein kvernsteinpark og to fartøy. Denne planen er ein felles formidlingsplattform for heile MiSF. Vi formidlar kunnskap og tradisjonar, gjenstandar og kunst, bygningar og landskap, samt kva rolle musea har i samfunnet.

Bakgrunn

Kartleggingsarbeidet til «Rapport strategiplanprosess: Delmål formidling» (2018) viste at organiseringa av formidlinga og tilbodet til publikum ved dei einskilde musea i MiSF er svært ulikt. Ein formidlingsplan trengs for å forankre formidlingsarbeidet i heile organisasjonen, lette prioriteringane og betre bruken av formidlingsressursane våre. Planen vil også vere eit verktøy for Kulturrådet si vurdering av MiSF sitt arbeid innanfor feltet. Arbeidsgruppa for formidlingsplanen har brukt strategiplanen og rapporten til gruppa som jobba med delmål formidling som eit utgangspunkt, men ut frå behovet om ein tidsavgrensa og konkret formidlingsplan, vil ikkje tiltaka nødvendigvis vere overlappende.

Prosjekt mål: Utarbeide ein felles formidlingsplan for MiSF som skal vedtakast i styret i 2020.

Planen skal skildre overordna mål og strategiar for formidling, og vere ein felles formidlings-plattform for heile MiSF. Planen går over tre år frå 2021-2023.

Avgrensing

MiSF skal også ha ein samlingsforvaltningsplan og ein forskingsplan. Ein del av den faglege kunnskapsformidlinga vil dekkast av desse, t.d. formidling gjennom studiemagasin og publikasjonar. Marknadsføring er definert som eit eige fagfelt, og er difor ikkje ein del av denne planen. Det er heller ikkje kafé og museumsbutikk.

Organisering

Prosjekteigar: Administrerande direktør

Referansegruppe: Leiargruppa i MiSF

Prosjektleder/leiar for arbeidsgruppa: Anne Kristin Moe

Gruppemedlemmer: Nina Renate Brendsdal, Eirin Mailund Svendsen, Eva Marie Felde og Marie Pettersson.

Dokumentet er sist oppdatert 9.2.2020

Formål med planen

Målet er at MiSF skal ha eit heilskapleg formidlingstilbod. Planen tek føre seg organiseringa av formidlingsarbeidet ved MiSF, tilgjengelegheit og målgrupper. For publikumstilboda utstilling, pedagogiske tilbod til born og unge, formidlingstilbod til vaksne, digital formidling og arrangement er det utarbeidd mål og tiltak.

Generelle føringar for formidlingsarbeid i MiSF

Dei ulike musea sine formidlingsmål er nedfelt i lokale handlingsplanar basert på formidlingsplanen og MiSF sine andre relevante styringsdokument.

MiSF opererer etter ICOM sitt etiske regelverk, gjeldande kulturmelding og dei føringar som vert gjeve i nasjonal museumspolitik.

MiSF sin strategiplan 2018-2021, delmål formidling, slår fast at

- Vi skal ha eit formidlingsprosjekt som oppnår regionalt merksemd minst ein gong kvart år.
- Formidlinga skal starte før og avsluttast seinare enn sjølve besøket.
- Vi skal vere til stades med vår kunnskap på fleire flater.
- Vi skal tilby formidling som tek vare på den enkeltbesøkande.
- Vi skal produsere fleire nye utstillingar årleg.

MiSF sin visjon er «Musea i Sogn og Fjordane skal vere ein relevant og aktiv samfunnsaktør innan kunst og kulturarv». Våre verdiar er: Inkluderande, nysgjerrig, nærverande og forankra. MiSF sine verdiar ligg til grunn for alt vårt arbeid, også formidling.

To perspektiv vi er spesielt opptekne av, og som formidlinga skal spegle, er mangfald og immateriell kulturarv.

Mangfald

Mangfald kan definerast breitt som variasjon, men er i samband med kunst- og kulturinstitusjonane sitt arbeid særleg knytt til representasjon og relevans. Der vi tek omsyn til sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion, seksuell orientering, etnisitet, nasjonalitet og alder. Å leggje til rette for mangfald i musea handlar både om å inkludere underrepresenterte grupper som utøvarar, tilsette og publikum, og om å synleggjere at vi alle er del av det mangfaldige samfunnet.

Arbeid med mangfald i musea er ofte grunna i eit ønske om å bryte ned skiljet mellom eit «oss» og eit «dei», men det er alltid ein risiko for at mangfaldstiltak i musea stadfestar forskjellane. Ved å rette innsatsen for mangfald inn mot særskilte grupper som er underrepresentert i dag, er det ein fare for at vi samtidig overser det mangfaldet som historisk har vore eit kjenneteikn ved det norske samfunnet. Når mangfald blir synleggjort som eit historisk døme, blir det «nye» mangfaldet mindre framand.

Når vi utviklar tilbod som tek vare på eit mangfaldig perspektiv, er det viktig å vere tydeleg på kva vi ønskjer å oppnå og kven som er målgruppa. Musea skal i sitt arbeid med mangfald ikkje ta tilhøyrsløse til kulturelle eller sosiale grupper for gitt, men invitere til samhandling, medverknad og samtalar om kulturell meining, der deltakarane sine individuelle erfaringar står sentralt.

Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv er også kjent under omgrepa tradisjon, handlingsboren kunnskap, taus kunnskap eller kunnskap «i», til forskjell frå kunnskap «om». Immateriell kulturarv er praksisar, framstillingar, språk, kunnskap og ferdigheter – samt tilhøyrande instrument, gjenstandar og kulturelle rom. Denne kulturarven er overført frå generasjon til generasjon, og er noko som grupper og enkeltpersoner anerkjenner som del av sin kulturarv.

Ved musea har vi også ansvar for å formidle praksisar som har gått ut av tradisjon, som t.d. gamle arbeidsmåtar og trusførestillingar.

Ved musea må ein sjå den materielle og immaterielle kulturarven i tett samanheng. Vern handlar ikkje berre om fysisk bevaring, men om å bidra til å halde kunnskap og kulturuttrykk i live gjennom praktisering.

Ei stor utfordring for musea sine samlingar i dag er at meiningsinnhaldet som er knytt til dei forsvinn. Møte med gjenstandar, kunst, bygningar og kulturlandskap er vesentleg for å sette dei inn i sin rette kulturhistoriske samanheng, som del av og som resultat av handling. Det er derfor viktig at publikum får tilgang dette, gjennom utstillingar og formidlingsopplegg.


Ved å ta vare på den immaterielle kulturarven skal vi bygge opp kompetanse internt og tilby unike og engasjerande publikumsaktiviteter basert på denne kompetansen. Musea er ein møteplass mellom tilsette, andre fagpersonar, frivillige og publikum, og eignar seg svært godt for å kombinere utvikling og formidling av kunnskap. Vi må formidle praksisnært, med fokus på utøving.

Organisering av formidlingsarbeidet ved MiSF

Frå 2021 er MiSF er organisert i fire avdelingar: (Avdeling for) Forsking og bevaring, (Avdeling for) Kulturhistorie, (Avdeling for) Kunst, og (Avdeling for) Administrasjon.

MiSF har 14 publikumsarenaer: Nordfjord Folkemuseum, Sunnfjord Museum, De Heibergske samlinger - Sogn folkemuseum, Sogn Fjordmuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Norsk Reiselivsmuseum, Vågsberget handelstad, Haugefisk, Holvikejekta, Norsk Kvernsteinsenter, Kunstmuseet i Sogn og Fjordane, Astruptunet, Eikaasgalleriet og Sogn Kunstsenter.

Arbeid med utstillingar, arrangement og pedagogiske opplegg vert koordinert innanfor og mellom avdelingane Kunst og Kulturhistorie ved avdelingsdirektørane.



I Avdeling for Kulturhistorie har alle heilårs bemanna arenaer museumsleiar, museumspedagog og museumsvert som jobbar med formidling. Museumsleiaren har det overordna ansvaret på arenaen og er ansvarleg for det kulturhistoriske innhaldet. Museumspedagogen er ansvarleg for den pedagogiske verksemda og museumsverten har førstelinjansvar. Kvart museum har lokalt ansvar for utleige og arrangement.

Kulturhistorisk avdeling har i tillegg to stillingar knytt til kulturlandskap og natur; naturhistorisk formidlar og museumsbonde. Naturhistorisk formidlar har eit særleg ansvar for å formidle natur- og kulturlandskap ut til publikum, og er ein ressurs i samband med natur- og kulturstiar, utstillingar, skuleopplegg og arrangement. Museumsbonden si hovudoppgåve er å forvalte eit tidsrett kulturlandskap, og den daglege drifta av garden.

Innanfor avdeling Kunst er det fire stillingar som arbeider med formidling: to museumspedagogar og ein kurator ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum og ein fast formidlarressurs/museumsleiar ved Astruptunet/Eikaasgalleriet.

Tilgjengelegheit for publikum

Musea i Sogn og Fjordane ønsker å vere inkluderande og imøtekommande, med eit breitt tilbod til publikummet vårt. Vi skal tilby formidlingsformer som møter publikum gjennom utstillingar, pedagogiske opplegg og arrangement og digitale flater som er inspirerande og lærerike.

Alle utstillingstekstar, skilt, brosjyrar og rettleiarar skal stå på minimum norsk og engelsk. Vi skal bruke nynorsk i all skriftleg kommunikasjon og skal legge vinn på klart og aktivt språk.

Opningstider og prisar

MiSF ønsker å ha eit publikumstilbod som er mest mogeleg likt i heile regionen, men at det blir teke omsyn til ulike lokale tilhøve. Det skal jobbast aktivt med harmonisering av opningstider og prisar i planperioden.

Besøkande skal lett finne vilkår og opningstider på

- fysiske skilt
- google+ og andre digitale karttenester
- MiSF og dei ulike museumseiningane sine heimesider
- MiSF og dei ulike museumseiningane sine facebooksider

Universell utforming

MiSF skal i utstillingar og andre formidlingstilbod møte krav til universell utforming i størst mogleg grad. Der det ikkje er mogeleg med universell utforming, skal MiSF jobbe med tilrettelegging.

Det skal i planperioden jobbast for at alle velkomst- og utstillingsbygg skal bli universelt utforma. Vårt mål er at i friluftsmusea skal minst ein antikvarisk bygning og delar av terrenget vere universelt utforma.

Heimesider skal informere om kva som finst av universell utforming og tilrettelegging på den enkelte arena.

Alle musea skal ha stolar/krakkar som publikum kan ta med seg rundt på anlegga.

Vi skal arbeide etter ein standard for klart og lettlest språk, tal ord, storleik og plassering på tekst i utstillingar. Det skal utformast ein rettleiar om dette til utstillingsproduksjon.

Nettsider skal utformast etter «Forskrift om universell utforming av IKT-løysingar». Universell utforming på nett skal vere ein del av opplæring av arbeid med nettsider.

Målgruppe

Fleire av musea har ei utfordring i at dei ikkje vert nytta av lokalbefolkninga. Dei er difor hovudmålgruppa til MiSF i planperioden. På same tid skal formidlinga ha både nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Dei ulike musea vil ha ulike del-målgrupper, som skal definerast i musea sine strategiplanar.

Tilbod

Utstilling

Mål

Alle heilårsopne museum skal ha minimum eit skiftande utstillingstilbod kvart år, som er basert på høg fagleg kvalitet.

Tiltak

- Alle utstillingar skal utarbeidast av ein fagleg ansvarleg og ein formidlingsansvarleg
- MiSF skal jamleg produsere vandreutstillingar som musea samarbeider om og som skal visast på fleire av musea våre.
- Ved vurdering av eksterne vandreutstillingar, skal dette koordinerast mellom musea
- Det skal utarbeidast ei 3-årig utstillingsplan for heile MiSF

Pedagogisk tilbod til born og unge

Mål

Alle grunnskular i Sogn og Fjordane-regionen skal få både eit kunsthistorisk tilbod og kulturhistorisk tilbod frå MiSF

Tiltak

- Alle musea skal levere søknad gjennom DKS Vestland på minst eit tilbod kvart år.
- Alle musea skal arbeide med formidling av pedagogiske tilbod gjennom DKS i kommunane.
- Fleirtalet av dei pedagogiske opplegga skal vere knytt til gjeldande læreplanar.
- Musea skal årleg ha tilbod til både småskuletrinn, mellomtrinn og ungdomstrinn.
- Det skal sendast brev til skulane om desse tilboda.
- Alle tilboda skal ligge ute på nettsidene.
- Alle tilboda skal evaluerast.
- Det skal i planperioden utarbeidast ein eigen formidlingsplan for born og unge.
- Undersøke moglegheit for å etablere samarbeid med Kulturskulen.

Formidlingstilbod til vaksne

Mål

Alle besøkande skal ha eit fagleg godt tilbod. Ved alle museumseiningane skal det vere tilbod om kunst-eller kulturhistorisk omvising. Det skal også leggjast til rette for at same informasjon er tilgjengelig utanom omvising.

Tiltak

- Tilby omvising for grupper
- Felles audioguide-løysing for MiSF, som dei ulike musea kan legge inn informasjon på
- Alle friluftsmusea skal ha skriftleg rettleiar
- Utvikle eigne tilbod spesielt retta mot eldreomsorg, til dømes gjennom Den kulturelle spaserosken
- Utvikle tilbod for vaksen-/språkopplæring

Digital formidling

Mål

MiSF skal ha digitale tilbod som utfyller det fysiske besøket ved musea. Innan utgangen av planperioden er det eit mål at dei digitale flatene ikkje skal vere formidlingstiltak, men ein likestilt formidlingsarena med dei fysiske.

Tiltak

- Trådlaust nettverkt på alle musea, både inne og ute. Dette skal publikum opplysast om når dei kjem.
- Nye nettsider med gode løysingar for skriftleg og visuell kunnskapsformidling.
- Ha digital formidling som del av planar for anna formidlingsaktivitet.
- Utarbeide eit digitalt pedagogisk opplegg som alle i regionen kan ha nytte av .
- Utarbeide felles «skuleside» på nett.
- Nytte Digitaltmuseum.no til artiklar og digitale utstillingar.
- Nytte felles digitale løysingar, til dømes Kulturpunkt.

Arrangement og aktivitetar

Mål

Musea skal sjølv arrangere eller leggje til rette for arrangement som samsvarar med musea sin profil. Arrangement vert definert som større eller mindre aktivitetar der musea sitt tema og/eller kunnskapsformidling står sentralt.

Tiltak

- Ha og samarbeide om kurs, temaverkstadar og faglege foredrag som del av publikumstilbodet.
- Knytte til seg lokale ressurspersonar ved behov.
- Utarbeide eit felles kurs- og arrangementsprogram for MiSF.
- Nytte intern kompetanse til relevante arrangement på tvers av musea.
- Dei heilårsopne musea skal ha minimum eit arrangement kvar månad.

Kompetanseheving

I MiSF sin kompetansestrategi for 2019-2022 er pedagogisk kompetanse definert som strategisk kompetanse.

MiSF vil heve formidlingskompetansen i planperioden ved å

- Nytte seg av forskning og kunnskapsproduksjon som vert gjort i MiSF.
- Utveksle administrative og praktiske erfaringar på tvers gjennom faste møtepunkt.
- Etablere interne fora for formidlingsfaget.
- Vere oppdatert på forskingslitteratur om formidling, pedagogikk og museumsstudiar, og dele dette med kvarandre.
- Sende tilsette på relevante kurs, seminar og konferansar.
- Gjennomføre studieturar med fokus på formidling.
- Nytte både ekstern og intern kompetanse til kurs og som foredragshaldarar.
- Satse på opplæring innanfor utstilling og digital formidling.
- Utvikle kompetanse gjennom vidareutdanning og nyttilsettingar.

MiSF sine formidlingsarenaer

Avdeling Kunst

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde er ei vidareføring av Fylkesgalleriet i Sogn og Fjordane, skipa i 1987. Frå 2003 har kunstmuseet også hatt ansvar for ivaretaking av kunstsenterfunksjonane i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane Kunstmuseum har ansvar for regional kunsthistorie frå om lag 1900 og fram til i dag, formidling av samtidskunst og informasjon om kunstnarar i region Sogn og Fjordane. Museet produserer basisutstillingar med kunst frå eigne samlingar, skiftande utstillingar med samtidskunst gjennom kunstsenterfunksjonen i region Sogn og Fjordane og pedagogiske tilbod til skulane. I tillegg har museet kunst- og bokbutikk og kafé.

Astruptunet

Astruptunet var Engel og Nikolai Astrups heim i 15 år. Kunstnaren kjøpte den gamle husmannsplassen Sandalstrand i september 1912 for å bruke eigedomen som utmark, men flytta fast til tunet i januar 1913. Engel Astrup, Astrups kone, budde på Sandalstrand heilt fram til året ho døydde, 1966. Året før selde ho anlegget til Jølster kommune, og i avtalen frå 1965 fylgde alt av lausøyre og kunstverk som var tilhøyrande Astruptunet den nye eigaren. MiSF har ansvar for formidling av kunsten og heimen til Astrup. Astruptunet er ope sommarhalvåret og resten av året ved tinging. I tillegg til kunstarheimen er her galleri og kafé.

Eikaasgalleriet

Eikaasgalleriet vart skipa i 1994 og syner fram kunst av målarer, grafikarar, teiknarar og skulptørar Ludvig Eikaas frå Jølster, ein av den norske etterkrigstidas mest markante biletkunstnarar. Det gamle meieriet på Ålhus vart kjøpt og bygd om til eit moderne kunstgalleri, etter teikningar av arkitekt Arild Waage, for å ta imot kunstsamlinga Ludvig Eikaas gav kommunen. Galleriet ligg på Ålhus langs E39, ved Jølstravatnet, med eiga badestrand og tilgjenge for rullestolbrukarar. Her er museumsbutikk og kafé med enkel servering inne og ute. Eikaasgalleriet er ope sommarhalvåret, ved spesielle arrangement og ved tinging.

Sogn kunstsenter

Målarer Hans Gjesme donerte kunsten sin til Lærdal kommune rett før han døydde. Ut ifrå det vart Gjesmegalleriet etablert i 1998. Samlinga omfattar særleg mange landskap og portrett, skisser og ferdige arbeid, i ulike teknikkar som teikning, maleri, akvarell, pastell og skulptur. På grunnlag av denne samlinga på om lag 1500 verk, vart Sogn Kunstsenter bygd. Det vart opna i 2011. Kunstsenteret syner både fram verk av Hans Gjesme og samtidskunstutstillingar.

Avdeling Kulturhistorie

Nordfjord Folkemuseum

Nordfjord Folkemuseum er kulturhistorisk museum for det som tidlegare var fogderiet Nordfjord, no kommunane Stadt, Gloppen, Stryn, samt delar av Kinn, Bremanger og Volda (Hornindal). I friluftsmuseet er det 44 antikvariske bygg frå 1600-, 1700-, og 1800-talet. I sommarsesongen er fleire av husa innreidde og opne for publikum. Kvern og stampe er funksjonelle med vasskraft, og kan nyttast til å demonstrere korleis vasskrafta fungerer. I besøks- og administrasjonsbygget er det fast og skriftande utstillingar, museumsbutikk og kafé.

Sunnfjord Museum

Sunnfjord museum er eit kulturhistorisk museum for indre Sunnfjord som i dag er kommunane Sunnfjord og Fjaler, (tidlegare Førde, Gaular, Naustdal, Jølster). Her er friluftsmuseum og besøks- og

administrasjonsbygg med skiftande utstillingar. I friluftsmuseet står det oppført 32 antikvariske bygningar frå bygdene i indre Sunnfjord, som viser eit tidsspenn i byggeskikk frå 1500-talet fram til 1900. Fem av husa er innreidd og opne for publikum. Tre av bygningane kan nyttast til utleige for arrangement, møter eller selskap. Tilknytt museet er turløypene Mostien og Dyreløypa der ein kan lære meir om kulturlandskap og den lokale faunaen, og i hovudbygget er det butikk og kafé.

De Heibergske samlinger - Sogn Folkemuseum

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er eit kulturhistorisk museum for kommunane i Sogn, primært for kommunane Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Vik og Høyanger. Museet består av eit friluftsmuseum på dryge 110 dekar og bygningar rundt om i Sogndal kommune. Til saman har avdelinga 54 antikvariske bygningar frå middelalder til 1987, ein hovudbygning med utstillingar fordelt på tre etasjar, samt museumsbutikk og kafé. På friluftsmuseet er det opparbeidd tidsrikte kulturlandskap og hagar kring bygningane. Det er også gardsdrift, med dyr i sommarhalvåret, i tillegg til ein eventyrskog og naturløyper.

Sogn og Fjordane Kystmuseum

Kystmuseet i Sogn og Fjordane skal formidle natur- og kulturhistoria frå kysten i vårt distrikt. Museet har tre utstillingsbygg og eit stort friluftsområde i Florø. I tillegg har museet fleire bygg langs kysten. I friluftsområdet står bygg som er typiske for kysten i perioden 1850-1950. T.d. ein slipp og fleire salte- / og handelsbuer. Museet tek sikte på å halde i hevd gamle kulturlandskap med geiter som beitedyr. I dei tre utstillingsbygga har museet ei båtutstilling, ei kulturhistorisk utstilling som viser daglegliv langs kysten og ei oljeutstilling. Om sommaren kan publikum låne robåtar og treffe geitene på beite. Kystmuseet har enkel butikk og kafé.

Norsk Reiselivsmuseum

Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand har som hovudmål å dokumentere og formidle norsk reiselivshistorie frå 1800-talet fram til i dag. Faste og skiftande utstillingar kan sjåast i to etasjar i hovudbygget. Desse byggjer i stor grad på digital formidling, der gjester kan bla seg fram på skjermar. Museet har butikk og kafé. Hovudbygningen ligg på den opphavlege dampskipskaien, med tre antikvariske bygg. I den gamle kunstnarvillaen står utstilling om kunstnarkolonien, medan det gamle ekspedisjonsbygget skal vere ferdig restaurert innan utgangen av 2021. Fyrste høgda i den vesle barbersalongen skal takast i bruk til sesongen 2021, andre høgda husar verkstad for vev.

Norsk Kvernsteinsenter

Kvernsteinsparken i Hyllestad er av dei største steinbrota frå vikingtida og mellomalderen i Skandinavia. Museumsområdet består av fleire nyare grindverksbygg deriblant ei smie og eit større forsamlingshus. Vidare ligg det ein kalkomn på museumsområdet. Det går ei løype gjennom fleire kvernsteinsbrot, som er ein del av formidlingsarenaen. Formidling av handboren kunnskap, hovudsakelig steinhandverk, er ein viktig del av formidlinga i Kvernsteinsparken.

Fjordmuseet

Fjordmuseet ligg ved Kaupanger ferjekai. Her kan ein sjå delar av samlingane frå Sogn som har direkte tilknytning til fjorden og livet ved fjorden. Det er ei stor samling av båtar, fiskereiskap og ein båtbyggjarverkstad. Her ligg også Glaværstova, ei gamal skjenkestove frå Glavær i Gulen, med Sogns eldste bar. De Heibergske samlinger Sogn folkemuseum held Fjordmuseet ope i sommarsesongen.

Vågsberget

Vågsberget som ligg ved Måløy, var ein av mange handels og gjestgjevarstader langs kysten. I dag er Vågsberget freda som ein av dei best bevarte handelsstadene i Noreg. Bygningane på staden er frå kring 1800, men handelsstaden har røter tilbake til 1600-talet. Bygningane er eigd av Kinn kommune.

Kystmuseet held ope her i sommarsesongen med omvising i dei historiske bygningane, utstilling og kafé i driftsbygningen.

Holvikejekta

Holvikejekta er den einaste opphavelege store klinkebygde jekta i Noreg. Det 22 meter lange fartøyet er utstilt i eit ope naust på Nordsida av Gloppefjorden, ca. 1 km frå Sandane sentrum. Det er ingen tilsette på staden, men Nordfjord Folkemuseum tilbyr omvising etter avtale. Det er pr. 2020 utarbeidd eit forprosjekt for verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta.

Haugefisk

MS Haugefisk eit av dei yngste verna fartøya i Norge. Den vart bygd i 1978 som shelterdekka havfiskebåt for autoline- og garnfiske og dreiv fiske i Nordsjøen, Nordatlanteren og Barentshavet. Haugefisk vart kondemnert og Kystmuseet overtok fartøyet i 2005. Haugefisk har heimehavn i Iglandsvik i Bremanger, og er drifta av Haugefisk Venner. I samarbeid med dei tilbyr ein formidlingsopplegg der ein får prøve seg som linefiskar for ein dag.